

# Kan eg bruka morsmålet mitt?

I Noreg er rettsspråket norsk. Klaga og tilsvaret må difor skrivast på norsk. Det gjeld òg andre brev og saksopplysningar i saka. Det er fordi partane og alle som jobbar med saka må forstå det som står i saka.

Dersom du ikkje kan skriva norsk, bør du søkja hjelp for å få skrive ned det du vil seie. Du kan til dømes avtala møte hjå Husleigetvistutvalet (HTU) for å få hjelp til å skriva ned klaga eller tilsvaret ditt, oppsøkja eit gratis rettshjelpstiltak som Juss-buss som òg kan gi råd, eller spørja ein venn.

Dersom du heller ikkje forstår munnleg norsk, bør du be om hjelp til tolking i møte. Du kan ringe til HTU i god tid før møtet for å be om at HTU bestiller/betalar tolk for deg. Elles kan du alltid ha med deg ein venn i møte, dersom du varslar dette til HTU minst 1 veke før møtet.

Viss partane og møteleiaren til HTU aksepterer det, går det an å halda eit møte på engelsk.